

– *Kva tenkjer du om at klubben og folk skryt så mykje av deg?*

– **Det er rørende og spennande, seier Remy.**

Etter eit solid treff tek me turen tilbake til der samtalen starta.

Med det har Remy sjølv gått frå mørke dagar prega av rus til solfylte dagar på golfbana på Rommetveit. No skal han hjelpe andre i den situasjonen han sjølv stod i.

På hol nummer seks viser han stolt fram eit vakkert område med vatn langs bana.



Remy Andre Solberg Lyssand og instruktøren Johnny Bjørnsrud. FOTO: DANIEL KARLSEN/STORD24

– *Du har energi til å gje noko tilbake no?*

– Ja. Eg har gått her og spelt mykje, men no blir det noko heilt anna å gje noko tilbake til klubben.

Og no har han klart å snu det.

– **Eg har vore rusfri i over ni månader no. Det kjennest bra.**

– Eg håpar at eg har noko å gje, og at eg kan bidra på fleire måtar enn dei andre i klubben.

ARTIKKELEN HELD FRAM UNDER ANNONSEN



The advertisement for ECIT Stord features a photograph of three smiling women. The ECIT logo, with 'ECONOMICS & IT' underneath, is in the bottom right of the photo. Below the photo, the text 'ECIT Stord' is prominently displayed. Underneath this, the text 'Må du bytte lønnsystem? Vi bistår deg gjerne' is centered. A dark blue button with the text 'Les mer >' is positioned below the text. To the left of the central text are icons for 'Regnskap' (accounting) and 'Lønn' (wages). To the right are icons for 'Årsregnskap' (annual accounts) and 'Rådgivning' (advice).

ECIT Stord

Må du bytte lønnsystem?
Vi bistår deg gjerne

[Les mer >](#)

Regnskap Lønn Årsregnskap Rådgivning

Han skal nemleg bli instruktør og skal ta trenarkurs gjennom Eitt slag av gongen.

– Det blir kjempespennande. No kan eg vere ein ressurs for klubben. Gjennom Trenar 1-kurset får eg kompetanse og ein trenerrolle, slik at eg kan bidra i kvardagen.

På hol nummer seks viser han stolt fram eit vakkert område med vatn langs bana.

– Det har òg gjort det enklare å få med frivillige, for dei ser Remy på bana og ser kor bra han har det. Han er eit vinnande vesen, ein veldig hyggeleg kar. Nokon kan kanskje synast det er litt skummelt å jobbe med folk som har vore i eit vanskeleg miljø, men Remy har gjort det lettare for oss å inkludere fleire, seier ho.



Remy Andre Solberg Lyssand har snudd livet på hovudet.
FOTO: DANIEL KARLSEN/STORD24

Ein ny start

No har Remy snart budd på Stord i fire år, og snart skal han sjølv ta på seg rolla som har hjelpt han.

Fantastisk

Dagleg leiar i Stord Golfklubb, Lena Hartvigsen, er veldig glad for at det har gått så bra med Remy.

– Utan tvil heilt fantastisk. Dette er jo det me drøymde om då me inngjekk samarbeidet med Eitt slag av gongen, seier Hartvigsen.



Lena Hartvigsen

Dagleg leiar i Stord Golfklubb.

– At me ein dag kunne gjere ein forskjell for nokon. Eg hadde ikkje trudd at det skulle skje så raskt, legg ho til.

Hartvigsen meiner at det som har skjedd, har gitt mykje tilbake til klubben òg.

Ein ny veg

– Kva skjedde før du kom inn i gruppa? Var du skeptisk til å vere med?

– Nei, eg var mest med for å ha det gøy og vere med på aktivitetar. Det er jo ikkje så mykje ein gjer for moro når ein er aktiv rusbrukar. Men det var fleire samantreff. Opphaldet på Blå Kors, det å bli edru, det å bli involvert i golfen og bli godt teken imot i klubben. Alt dette gjorde at det fungerte.

Stord Golfklubb har ønskja å ha eit slikt tiltak, og det har gått over all forventning.

Remy er nesten på bana kvar einaste dag, sjølv om gruppa berre møtest éin gong i veka.

– Eg sprakk igjen i 2024 og hadde eit nytt opphald same året på Blå Kors. Eg var allereie i gang med å bli rusfri, men det var ikkje før eg blei utskriven frå Blå Kors i august at golfen verkeleg tok av. Medan eg var innlagd, reiste eg rundt for å spele golf, men det var først i august i fjor at eg byrja å spele kvar dag.

– *Har du alltid vore interessert i sport?*

– Eg har prøvd golf før, men det var berre for moro. No har det blitt seriøst og ein skikkeleg hobby.



Remy Andre Solberg Lyssand har slitt med rus i mange år.

Sleit med rusen

Remy hamna i ein mørk dal der både blandingsrus og alkohol blei ein stor del av livet.

– *Kva var grunnen din til å bli med?*

– Eg var aktiv rusbrukar fram til i fjor og i forfjor og hadde nokre opphald på Blå Kors i Haugesund. Etter at eg byrja med golf, har det blitt mykje enklare å halde meg edru.

Det blei fleire tilbakeslag før vendepunktet kom.

Stord24 møter han på golfbana på Rommetveit.

Han skryt nemleg veldig av tiltaket «Eitt slag av gongen».

– *Kan du forklare kva det er?*

– Det var eit tilbod dei kom med til lågterskel helsestasjon her i Leirvik. Me byrja å spele éin gong i veka for halvanna år sidan. «Eitt slag av gongen» er ein organisasjon som hjelper ungdommar, rusmisbrukarar og folk som har vore på skråplanet av ulike grunnar, inn i dagleglivet igjen. Dei fangar opp folk og får dei engasjerte i golf.

– Reisa mi har vore tung, men
når ein verdset edruskapen, kan
ein kjenne ekte glede i
kvardagen.



Daniel Karlsen

Journalist i Stord24

Det seier Remy Andre Solberg Lyssand
som fann glede og ny gjev på golfbana.

I dag er han takksam for hjelpa han har
fått for å kome seg ut av mørket.

Viktig tilbod

Remy (42) kjem opphavleg frå Bergen, men
har budd på Stord dei siste åra. Her har
han funne ein ny veg tilbake til eit meir
normalt liv.